



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO
nve@nve.no

26.10.2022

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
21-22

21-22: Omsyn til villrein i samband med rehabilitering av dam Berildvatn - Berild kraftverk i Rauma kommune


NVE har motteke detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Berildvatn. NVE ynskjer å fange opp eventuelle endringar i kunnskapsgrunnlaget som grunnlag for vidare handsaming av søknaden. NVE skriv fylgjande om kva tilbakemelding dei ynskjer frå høyringsparatane:

Villreinnemnda for Reinheimen og Breheimen: Dam Berildvatn ligg i nærleiken av Reinheimen og Breheimen villreinområde. Tiltaket er ikkje direkte i konflikt med villreinområdet, men vi sender likevel detaljplanen til villreinnemnda til uttale.

Vurdering:

Berildvatn ligg vest for Reinheimen-Breheimen villreinområde - sjå kartet under. I NINA-rapport 643 er det skrive litt om villreinen sin arealbruk i dette området tidlegare:

Gamle papir (intervju 1940–1960) frå Norsk Tindemuseum v/Arne Randers Heen viser at reinsdyr trekte ut Alnesdalen over Slettvikane og Stigen (Trollstigen) og heilt over til Berildsetrene (moglegvis Beriddalen i Norddal) og Bispevatnet. Dette heldt fram heilt til dei byrja med det nye veganlegget over Trollstigen ikring 1920. Randers Heen nemner også om at det var vanleg at reinen trekte over "Mainskreda" og til vestsida av Breitind (mot Trollvegen). Ikring 1910 vart det mellom anna sett 12 rein som låg på ein bre i Breitind.



Berildvatn er markert med blå ring. Kartet syner vestleg avgrensning av villreinområdet.

Villrein brukte dei vestlege områda i større grad før enn dei har gjort dei siste 30-40 åra (sjølv om ein har sett ei dreining mot auka bruk av vestlege areal dei siste to-tre åra). Men sjølv i eit langt tidsperspektiv har nok villrein i liten grad brukt areala i området Berildvatnet. Villreinnemnda sine arkiv syner ikkje observasjonar i dette området.

Villrein i Reinheimen-Breheimen har avgrensa arealbruk. Det er ynskjeleg at den i større grad tek i bruk gamle leveområde og i større grad utnyttar vestlege beiteområde. Av den grunn er villrein som eventuelt skulle trekke langt vestover verdifull. Det er bukk på vårbeite som normalt trekker lengst vestover.

Generelt er villrein meist robust mot forstyrring på hausten. I vinterbeiteområder og kalvingsområder bør ein unngå forstyrring. Bukk på vårbeite i vestlege områder bør ein også unngå å forstyrre. Men sidan det er så lite sannsynleg at det kjem villrein inn i dette området bør det neppe vera styrande for tidspunkt for anleggsarbeidet. **Men dersom det likevel skulle bli oppdaga villrein i nærleiken av anleggsområdet er det fint med avbøtande tiltak for å unngå å skremme reinen unødig. Aktuelle avbøtande tiltak er til dømes midlertidig stans i anleggsarbeidet.** Det er ynskjeleg at t.d. villreinnemnda blir varsla om villreinobservasjonar i dette området (gjerne sms til 48190145).

Helsing

Johan Berge
Leiar



Tor Taraldsrud
Sekretær